Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 28 | Fylke: Buskerud

Tilleggsspørsmålnr. | Herad: Hemsedal

Emne: Drikk til maten. | Bygdelag:

Oppskr. av: Ola Rudvin (f. 1899) | Gard:

(adresse): Hammerstadgt. 12 B III, Oslo | G.nr. | Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

## Mjölk.

Mjölk har frå gamalt vore den vanlegaste drikken, både attåt maten og som tyrstedrikk elles. Mjölk var det likaste dei visste, og om ikkje sjuke folk greidde anna, så skulle dei freiste med mjölk. (det var sjölsagt ikkje bra i alle höve).

Frå gamalt var det ikkje vanleg å drikke attåt maten (t. d. kjötmat). Men trong dei om væte, så var det mjölka dei greip etter. Som tyrstedrikk bruka dei heller aldri vatn, men mjölk eller myse (blande), öl o. s. b.

Mjölka vart nytta söt, glè (blåsur), tjukk og sur (når tjukk mjölk står ei veke eller to, vert ho sur og får ein ny smak). I alle desse former kunne ein sjölsagt drikke henne. Men til drikke vart helst nytta söt mjölk (feit eller „flöytt" d. v. s. skuma) eller blende (myse el. mjölkblanda myse av sur mjölk – övst i „remnebytta" der dei hadde sommars-mjölka). Sistnemnde (blanda) vart då helst nytta som tyrstedrikk i onnetida (heime på garden) med krötra var på stölen. Elles drakk

5704

ein sjølvsagt tjukk og sur mjølk og når det så høvde.
- Preimbland - oppskave preim utrørt i vatn - vart og nytta ein del som „drikkand".

Øl.

Frå gamalt vart øl bryggja to gonger om året: til jol og til sommars. I min barndom var det endå vanleg å bryggja øl ein eller to gonger om året. Men det var mykje arbeid med ølbrygging (malting - turking og maling av maltet - og så sjølve ølbrygginga), så folk slutta meir og meir med det, serleg etter at dei ymse „heimebrygg"-ekstraktar (t. d. „Tonttu") kom i handelen. Ølet var greitt å ta til som tyrstedrykk i dei annsame onnetidene.

Dertil skulle det etter gamal skikk vere øl i alle gjestebod (likferd og bryllaup). Då gjekk ølskåla rundt frå munn til munn (Skikken var i bruk i min barndom, men døydde etter kvart ut som uhygienisk).

Kaffi.

I 1844 vart vegen gjennom Hemsedal over fjellet til Lærdal ferdig („lina" har vegen heitt til den dag i dag). Til dette vegarbeidet kom det utanbygds folk. Og denne vegslusken var det visstnok som fyrst gjorde kaffien kjend i bygda.

I den fyrste tida lika dei ikkje kaffien noko større. Dei tykte han minte om briskelog. Men det skulle vera fint med kaffi, og han vart etter kvart meir og meir nytta, fyrst i gjestebod og som

5704

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

„fremman"-drikk, sidan til kvardags. Med tida vart koffen den mest vanlege drikk attåt maten både for born og vaksne.

I min barndom var det vanleg at borna lærde seg til å drikke koffi så tidleg som dei berre ville. Og koffe vart drukke mange gonger om dagen. I onnetida gjerne sålis: om morgonen (ved 5-tida) attåt smårbrød, etter dugurdskvilda (ved 13-tida) og etter nonskvilda (ved 16-tida). Det var og ~~skikk~~ stundom ein drikk kveldsøykta i tvo og tok koffin etter non midt ute i ~~dk~~ øykta.

Dertil var koffi (med brød, smør, pålegg o.s.v.) det vanlege ein baud „fremman"-folk på, liksom han sjølvsagt var med ved gjestboda, på festar o.s.b.

Dei kjøpte før koffin ubrend, brende han i ein koffebrennar og mol han etter kvart som dei trong det (i koffi-rikke el. morter, seinare på koffikvern). Heime hadde me eit koffihus (av blikk), og loket fullt var eit passe „mål" med koffi til ein vanleg kjel. Dei koka ikkje koffen sers sterk, men drakk store ~~koffi~~ koppar (og det var skikken at ein skulle slå både koppen full og det meste av skåla.

Det var vanleg å bruke fløyte attåt koffin, men ingen andre ting (t. d. egg el. salt). Til kvardags brukte ein ikkje sukker attåt, men sukker vart sett fram til framande (i eldre tid „brunt" sukker d. v. s. kandis, seinare kvitt „knupp"-sukker). Dei slo koffin i utan sil. Å spå i grut var ukjent i bygda (men framande nemnde skikken).



NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

 

Kaffi kokt på gruten – „grudde-lôg" – vart nytta stundom som tyrstdrikk (då utan fløyte).

## Te.

Te var heilt ukjent heime i min barndom. Eg drakk ikkje te før eg kom til byen. Men no er te kjend og i bruk.

## Brennevin.

Brennevin vart mest ikkje brukt ~~tit~~ til kvardags. Om så var, galdt det noko sers (avslutning av ein handel) eller som ein slags takk og honnør (til onnefolka etter at slåtten var ferdig) men dette var ikkje ålment i bruk i min barndom.

## Nyare drykk.

Som andre stader i landet har dei ~~no~~ no teke meir etter byskikk, og handelslaga fører kjøpeøl, vørterøl, brus, solo o.a. I hushaldet vert det likevel ikkje nytta stort av desse slaga. Derimot er det no vanleg med vatn som drikk attåt maten. Det var det ikkje før.

26-2-51. O. Rudvin

5704

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING